

## Referat foreldremøte

1.årssteg 29.augst 2024

22 av 31 elevar er representert

### Presentasjon av alle

#### Skulekvardagen

- Gjennomgang av læringsplan. Den kjem ut kvar fredag. Hugs å lese informasjonen som står nedst på den.
- Vi nyttar Vigilo til meldingar mellom heim og skule. De må sende meldingane innan klokka 08.00. Vi har ikkje moglegheit til å lese meldingane når undervisninga er begynt. Dersom det skulle vere noko i løpet av skuledagen så må de ringe skulen. Kontaktinformasjon står på læringsplanen og på heimesida til skulen.
- Kontaktlærarar: Sissel og Therese
- Spesialpedagog: Iselin
- Assistentar: Janicke, Margrethe og Karoline
- SFO leiar: Marte
- Læring: Maren

#### Oppstart og organisering:

- Vi byrjar kvar dag med leik i 30 minutt. Vi nyttar stasjonar mykje i undervisning.
- Dinokulen: to timar i veka på timeplanen. Det er eit program for sosial kompetanse. Dinolekse kvar veke. Dei får ut lekseboka på måndagen også skal dei levere den tilbake i postkassen i løpet av veka. De får litt informasjon om kvart emne vi skal gjennom. Dinobøkene er dessverre på bokmål. Når dei har gjort leksene så får dei eit jakkemerke.
- Nussagrupper: program for å regulere kjensler og å ta gode val. Ein time i veka har Sissel med seg ei lita gruppe i gymsalen. I hallen skal det vere vaksenstyrt aktivitet. Målet er å auke gruppa som får vere med. Dei som ikkje er med på Nussa er i klasserommet og har anna undervisning.

#### Forventningar:

- Til skulen:
  - o Bruke teikn til tale til alt vi gjer på skulen
  - o God kommunikasjon, lav terskel for kommunikasjon
  - o Elevane har det bra
  - o At dei vaksne ser elevane
  - o Dei vaksne tar seg tid til elevane som treng det
  - o Skulen er open og har lav terskel for å gje beskjed dersom bornet heng bakpå fagleg
  - o Lav terskel for å gje beskjed til heimen dersom for eksempel leksene ikkje er gjort eller bornet manglar klede

- Tett dialog om klassemiljøet. Dersom klassemiljøet har negativ retning så ynskjer foreldregruppa å vite det tidleg slik at dei kan vere med å ha fokus på det
  - Tilbakemelding om den sosiale kompetansen til bornet
- Til heimen:
- Lese læringsplanen og anna info
  - Ha forventningar til borna
  - Utvide venekrinsen til borna- besøk og bursdagsselskap
  - Framsnakke skule, medelevar og vaksne
  - Elevane et frukost
  - At de har lav terskel for å ta kontakt.
  - Seie i frå om det er noko som skjer heime/i familien, som kan påverke barnet.

### **Sosial kveld:**

Foreldre må bestemme og bli enig. Det skal vere ein sosial kveld på hausten og ein på våren. Foreldrekontakt tar ansvar for å arrangere og deligere oppgåver.

### **Bursdag:**

Reglane for bursdag: de må invitere alle jentene/gutane eller heile klassen. Skulen kan hjelpe å dele ut invitasjonane. Send oss gjerne ein melding dersom vi skal hjelpe til med det slik at vi veit om det og kan finne invitasjonane.

Klassen har bestemt at foreldra til bursdagsbarnet kjøper bursdagsgåve til sitt born når det skal feire bursdagen sin. Summen for gåva er satt til 500 kr. Borna tar med bursdagskort til bursdagsbarnet.

### **Kapittel 12:**

Gamle §9A. Les gjerne på Udir sine sider om kapittel 12. Dersom ditt born ikkje har det bra, eller at du ser eit born ikkje har det bra på skulen, så må de ta kontakt slik at vi kan setje inn tiltak. Då vil vi blant anna observere, samtale og lage ein aktivitetsplan dersom det er nødvendig.

### **Startsamtale:**

Vi er i gang, og det skal vere gjennomført i september. Målet med samtalen er å bli kjend med dykk og bornet dykkar. Dette for å leggje best mogleg til rette.

### **Heim- skule samarbeid:**

Vi er avhengig av eit godt samarbeid.

### **Foreldrekontakt:**

- Foreldrekontakt: Elisabeth Telle Sellevåg (mor til Synnøve)
- Vara: Jule Berge (mor til Vilde Amelia)
- Vara SFO: Mona (mor til Frida H K)

**Klasseliste:**

Kontaktlærarane sender ut klasseliste med namn, fødselsdato og telefonnummer til foreldra. Dersom nokon ikkje ynskjer å stå på lista som vert sendt heim, så må de gje beskjed til skulen.

**SFO**

Skolefritidsordning. Det er elevane si fritid. Der skal elevane leike og ha det kjekt. Det går 80 born på SFO i år. SFO er mykje ute, i hallen, i klasseromma og skal etter kvart bruke sykkelparken. FerieSFO er ikkje inkludert i vanleg SFO, det må de søke om i tillegg. Fristen for å søke bornet inn i haustferieSFO er 9.september.

Marte sender ut SFO sine telefonnummer i Vigilo.

**Annet:**

Foreldregruppa ynskjer facebook-gruppa i klassen. Foreldrekontakt tar ansvar for å lage gruppa og invitere alle foreldre.